



Referat frå styremøte 24.oktober 2017

Til stades: Kåre, Ove, Jan Helge og Eldbjørg

Sak 1: Godkjenning av referat frå sist styremøte. Ingen merknader.

Sak 2: Status overtaking av hus/kjøp av ekstra areal.

Det gjenstår ein del arbeid og installasjonar før huset er heilt klart. Leiar har meldt frå til kommunen om årsmøtevedtak kring kjøp av uteareal for inntil kr. 160.000, og avtale om overtaking. Golvet i salen er merka.

Kåre purrar kommunen med tanke på gropa utanfor som få fyllast att før dei gjer seg ferdige med arbeidet.

Merking av utstyr m.m.: det vert dugnad kring merking av gjenstandar etter at alt er på plass. Montering av kjøken vert utsett til over nyttår, men det andre må vera på plass før adventkafèen.

Driftsgruppa jobbar vidare med å innhenta tilbod på brannalarm og husforsikring. Det vil løna seg å teikna bedriftsavtale for renovasjon med FjellVar.

Nye dører: det må avklarast kor mykje som må skiftast og setjast av midlar på nytt budsjett.

Sak 3: Søknader om økonomisk støtte.

Saka vert avventa til vi har overteke bygget formelt. Søknad til Marine Harvest ligg klar, og vert sendt så snart bygget er vårt. Marine Harvest ønskjer primært sponsoravtale med lokale organisasjonar.

Sak 4: Vellenes Fellesorganisasjon.

Jan Helge kom med framlegg om at vi melder laget inn.

Vedtak: vi tek standpunkt til saka på neste møte. Alle les seg opp kring temaet.

Sak 5: Arbeidsgruppene.

Det er ikkje noko nytt i saka, vi avventar til bygget er klart og overteke. Basargruppa er i sving.

Sak 6: Bading.

Eldbjørg sjekkar med Fjell kommune om søknadsfristar og livredningskurs.

Sak 7: Torsdagsaktiviteten.

Det er i utgangspunktet Foreldregruppa Syltøy/Lokøy sitt prosjekt. Det går an å bruka Lokøy grendahus til Halloweenkveld.

Sak 8: Vipps/kortterminal.

Det er ordna med Vipps og kortterminal. Det vert klart til adventskafèen.

Sak 9: Heimesida – oppdatering.

Eldbjørg spør Krister om han kan bidra til oppfrisking av sida, og visa styret ulike kalendarar med tanke på booking/utleige på neste møte.

Sak 10: Plastrydding – møte Algrøy 14.11.2017

Kåre stiller på eit samarbeidsmøte kring rydding av plast i strandsona.

Sak 11: Skrivar.

Styret ønskjer å kjøpe inn ein trådløs skrivar med farge og skannefunksjon. Ramme: kr. 3000. Ove ser på saka.

Sak 12: Offentleg vatn til Heimigardvegen

Kåre og Beate kallar inn alle til eit møte for å hjelpa til med å organisere eit samarbeid mellom dei som ynskjer offentleg vatn. Alle aktuelle vert kalla inn.

Sak 13: Ny båt snuplassen.

Lars har ein båt vi kan få, men vi ventar til våren med denne saka.

Sak 14: Brev frå kommunen om ansvar for leikeplassutstyr.

Kommunen har sendt brev til lag/foreiningar om deira ansvar for vedlikehald av leikeplassutstyr som står på kommunal grunn. Kommunen vil gjera ei kartlegging og laga skriftlege avtaler med dei det gjeld. Kåre avklarar med kommunen om vi treng laga avtale sidan leikeapparata skal flyttast, med mindre det vert lenge til det blir ordna. Kåre ber kommunen hjelpe til med flytting av apparata.

Styret må setja seg inn i reglement og ansvar i saka, og laga eit system for vedlikehald og kontroll av apparata, eventuelt ved hjelp frå profesjonelle.

Sak 15: Fiber – samarbeid med Lokøy Vel

Det er kopla link til grendahuset på Lokøy, og laga avtale om deling 50/50 på abonnementet. Abb. er privat i Kåre sitt namn, kr. 699,- pr. mnd. delt på to.

Sak 16: Årsmøte 2018

Det kom framlegg på ekstraordinært årsmøte om å ha årsmøte tidlegare på året for å ha betre oversyn over budsjettet. Det kan kallast inn tidleg i februar. Vi må også hugsa å sjå på vedtektsendringane.

Sak 17: Budsjett

Ove viste til at ein bør freista følgja planen i budsjettet og kjøpa inn det som er planlagt med tanke på investeringar. Vi tek saka kring budsjett og rekneskap opp på neste styremøte.

Neste møte: 30.november kl. 19.30.

Ref: Eldbjørg